



Saman-helg s. 4



Leder

Kretsleder Torgeir Lauvås



Bevaringsverdig

Et gammelt bedehus på Eide i Lund kommune er flytta fra sitt opprinnelige sted, til et bygdetun på Moi og vil bli bevart for framtiden. Bedehuset ble reist i 1923 og var et samlingssted for misjon og et sted der mennesker fikk møte Jesus. Selve huset har sin sjarm, sin historie og gir oss viktige påminnelser om hva Gud brukte huset til. Men aller mest er det en fortelling om mennesker. Bedehuset forteller om personer som brant for Jesus og for et fellesskap med hverandre. De drømte om at de kunne få lede mennesker til Jesus i nabolaget og at innsatsen for ytremisjon gjennom basarer, bønn og kollekter skulle føre til frelse for mennesker i andre land.

Mange gamle bedehus er i lite bruk i dag. Rett over veien ligger gjerne en

nedlagt grendeskole, og et annet sted i bygda står gjerne et hus som for mange år siden hadde kolonialforretning i 1. etasjen. Både gamle bedehus, grendeskoler og ei gammel krambu er mange steder tatt vare på. Ildsjeler legger ned et enormt arbeid flere steder, og det er prisverdig.

Likevel er det rett å minne om Jesus ord om det «som forgår» i motsetning til det som skal bestå. Det er fint å bevare minnene fra en rik bedehuskultur, men det mest bevaringsverdige er vårt personlige forhold til Jesus. Det kan bestå i all evighet.

«Det du vil bevare, det må du forandre og fornye!» Dette tror jeg er et veldig viktig utsagn. Det gjelder ikke minst for oss som har livet med Jesus og et kristent felles-

skap som mål for hverandre og for dem som ikke lever med Jesus. Vi nordmenn er flinke til å vedlikeholde hus og hjem, vi pusser opp for milliarder årlig, fornyer garderobene våre for svimlende summer, videreutdanner oss og skaffer oss nye elektroniske duppeditter hele tiden. Er vi mer opptatt av å forandre og fornye CV-en, formuen og statusen, enn å vitalisere vårt forhold til Jesus og vårt kristne fellesskap?

Vil du bli i Jesus, må du leve i fornyelsen. Ønsker du at ditt kristne fellesskap skal vokse og få med flere, må dere leve i endring og bevegelse hele tiden. Jesus vil fornyelse, han trives ikke på kulturhistoriske museer. Han lengter alltid etter å nå inn i nye generasjoner.



Indremisjonsforbundet i Rogaland
Mjølnhusvegen 70, 4364 Sirevåg
Tlf. 51 79 38 80

Direktenummer:

Anne Berit Aarsland 51 79 38 83
Terje Slettebø 51 79 38 80
Kari Helen Garheim 51 79 38 87
Froydis Aarsland 51 79 38 82

Bankgironr. 8220.02.80101

Epost: rogaland@imf.no
imfrogaland.no

Krinsformann:
Gabriel Pollestad
404 10 290

Krinsleiar
Torgeir Lauvås
Tlf 97 17 17 45
Tlf 51 79 38 84

SISTE INDRE
Organ for ImF-Rogaland
Tilslutta Indremisjonsforbundet
Kjem ut 5 gonger årleg
Kontingent kr 250,-
Redaktør: Torgeir Lauvås
Sats: Tubb
Trykk: Lura Trykkeri

OGNATUN
Mjølnhusvegen 70
4364 SIREVÅG
Tlf. 51 79 38 80

Direktenummer
Tove Braut 51 79 38 88
Heimeside: www.imf.no/ognatun
Epost: ognatun@imf.no

Avdelingsleiar:
Tove Braut Tlf. 951 00 842



Bryne Rør A/S

Telefon: 51 77 82 00
E-mail: post@bryneror.no



KROGEDAL
begravelsesbyrå

Kontorer: Bryne/Sandnes/Stavanger
51 97 29 00



Bokføring - lønn - årsoppgjør
stiftelser - økonomisk rådgivning

NETTREGNSKAP OG BÅNDRING TLF. 51 88 15 10 - WWW.NETTREGNSKAP.NO ROTT

Odd Narve Grude
Næringsbygg
Tlf.: 90 13 95 19
51 42 37 99

Andakt
Ved Bjørnar Byberg (T2 Bildøy bibelskole)

Guds kraft



"For Guds rike består ikke i ord, men i kraft" (1. Kor 4.20) skriver Paulus. For meg har alltid interessen for idrett vært stor, og sykling er favoritten. For å sykle fort, gjelder det å få mest mulig kraft ned i pedalene slik at hjulene går fort rundt.. På samme måte er det i kristenlivet. Skal Guds rike ha fremgang trengs det kraft. Men hvor får vi kraften fra?

I Apg 3 og 4 møter vi Peter og Johannes på vei opp til tempelet hvor de helbreder en tigger, og videre underviser og forkynner i Jerusalem. Etter hvert blir de kastet i fengsel for dette, men allikevel var det mange som kom til tro. I forhøret dagen etter, foran makteliten i Jerusalem, blir apostlene konfrontert med spørsmålet: "Med hvilken kraft og

i hvilket navn har dere gjort dette?"

På dette gir Peter svaret: "Rådsherrer og eldste i folket! Når vi i dag blir forhørt på grunn av en velgierning mot en syk mann og blir spurt om hvordan han er blitt helbredet, så skal dere alle, og hele Israels folk, vite dette: Når denne mannen står frisk foran dere, er det ved navnet til Jesus Kristus, nasareeren, han som dere korsfestet, men som Gud reiste opp fra de døde."

Kraften og frimodigheten som de første kristne eide kan ofte virke så stor og fjern. Peter står her foran mange mektige mennesker og det kunne vært en fin anledning til å fremheve seg selv. I allfall litt. Men selv om Peter kunne hatt mye å skryte av, han hadde jo vært med på å utføre et stort mirakel, i tillegg hadde han mange tilhengere som var interessert i å høre på ham, så er svaret konstant at det bare var ved navnet Jesus Kristus dette kraftfulle underet hadde skjedd. Her kunne han ha blitt fristet til å ta litt av æren selv, men Peter viser bare til Jesus.

Bare i navnet Jesus Kristus får også vi del i denne kraft. Paulus skriver: "For ordet om korset er dårskap for dem som går fortapt, men for oss som blir frelst, er det Guds kraft." (1. Kor 1.18) På Bildøy bibelskole har jeg lært at ordet "Dynamis" er

brukt for "Guds kraft" i grunnteksten. Det samme ord kommer dynamitt fra. Altså kan en si at ordet om korset er Guds dynamitt, altså sprengstoff.

Paulus skriver i sine brev mye om denne kraften som vi kan få del i, i troen. I Galaterbrevet henvender han seg til en menighet som er på vei vekk i fra kraftkilden, og derfor spør Paulus retorisk menigheten hvordan de første gang fikk ånden (kraften):

"Han som gir dere Ånden og gjør under blant dere, gjør han det ved lovgjeringer eller ved at dere hører og tror?" (Gal 3.5)

Galatermenigheten hadde begynt å skulle gjøre gjerninger for Gud, men frelsen og Guds kraft får vi bare del i gjennom å høre og tro det Jesus har gjort for oss.

**GRUDE
BYGG**

Bedriftsveien 35 - 4353 Klepp Stasjon
tlf.: 51 78 98 50

NYBYGG • PÅBYGG • REPARASJONER



GM-offshore

Haugstad Eiendom AS

Postboks 37
4369 Vigrestad

**Vardheiveien
Eiendom AS**



Saman-helg for ImF-Rogaland:

Kortreist misjon

Den einskilde kristne sitt ansvar til å dela evangeliet om Jesus i sitt nærmiljø har hovudfokus i indremisjonsarbeidet. Møta på bedehuset og samlingar i mindre grupper skal vera til hjelp og inspirasjon for kristenlivet i kvardagen. Kortreist misjon var tema når i overkant av 50 utsendingar var samla til ImF-Rogaland sitt årsmøte og Saman- helg på Nærbø bedehus laurdag 26. april. Misjonsfolket var samla i ynskje om at indremisjonsarbeidet må bli fornya slik at for- mene appellerer til dei yngre. Ulike nyanser kom fram når det gjaldt tempo i endringsprosessen og moglegheiter for lokal tilpassing.

Av Terje Slettebø

Tilbakegang

Bakgrunnen for endringane i arbeidet er at ein dei siste året har opplevd tilbakegang i arbeidet. Få unge engasjerer seg og talet på foreiningar går tilbake. Men nokre utsendingar tok til orde for at ein må ikkje vera for negativ, og peika på at lokalt fleire stader i krinsen skjer det mykje positivt indremisjonsarbeid som er til å gleda seg over.

Ognatun

Årsmøte kunne gleda seg over eit godt økonomisk år for ImF-Rogaland, krinsen hadde eit mindre underskot i 2013 på 42 000 kr. Det var og tydeleg å merka eit positivt engasjement for Ognatun i årsmøte. Ein gleda seg over alle barn og unge som kjem på leirane, og det vart uttrykt takksemd for alle som støtter opp om leirstaden slik at den har god drift og er i positiv utvikling.



Drøs rundt lunchbordet.

Forbønshandling for Anne Birgitte Auestad.

Krinsstyret

Krinsstyret i ImF-Rogaland er slik samansett etter årsmøte: Siw Olrun Stokkeland, Brusand, Toralf Liene, Varhaug, Tarald Gudmestad, Høyland, Gabriel Pollestad, Høyland, (attval), Randi Klingsheim Bø, Klepp stasjon (ny), Jarle Mong, Bryne (attval), Svein Ove Særsten, Sandnes (attval) og Rolf Gunnar Husveg, Riska I. vara.

«Speed-learning»

Opplegget for årsmøtedagen var også fornya. Etter eit kort forhandlingsmøte der dei formelle sakene vart drøfta, god lunch med god uformell prat, var det tid for Speed-learning. Gruppesamlinger på 15 minuttar der ein person får undervise og gruppa kan stille spørsmål.

I løpet av ein time fekk ein her høyre Stortingsrepresentant Bollestad snakka om «Jesus på Stortinget», leiar i Ungdom i oppdrag Andreas Nordli fortalte om «korleis få til Bibel og bønn som familie» Olga Jorunn og Sven Harbo delte erfaringar frå turar til Polen med deira evangeliseringsbuss, og Jarle Mong frå Bryne snakka om «Frukostklubben».

Ny familiearbeidar

Laurdag kveld og søndag føremiddag var det

storsamlingar for heile familien på Nærbø bedehus. ImF-Rogaland satsar på familiearbeidet og kunne på årsmøte presentera Anne Birgitte Auestad som familiearbeidar i 50% stilling. Det var ei høgtidsstund når ein på storsamlinga laurdag kveld hadde forbønshandling for Anne Birgitte. Ho begynner i arbeidet i ImF-Rogaland 12. aug.

Talande bilete

Leiar i ungdom i oppdrag, Andreas Nordli var med som talar på Saman-helga. Han bruka mange talande bilete for å få fram ulike sider av den Bibelske bodskapen. Han tala om eit maleri der ein måtte legge seg ned på kne for å få det rette perspektiv på motivet. Vi som kristne må ned på kne for å få Guds perspektiv over vår teneste og menneskene rundt oss.

Gud er produsent

Han fortalte også om kona som var flink til å laga ting i leire. Sidan det var ho som var produsent var det ho som hadde eigarforholdet til dei flotte tinga ho laga. Gud har skapa oss, han er produsenten og har eigarforholdet til våre liv. Ja, han har både skapt oss og betalt for oss ved Jesus sin død på krossen

NorProfil AS

RIANOR AS

WALDELAND MASKIN

- Grunnarbeid
- Transport
- Graving
- Grus/pukk
- Landbruk:
- Traktor
- Pressing av rundballer
- Vintervedlikehold
- Brøyting og strøing



Tlf: 90 79 61 44



Guds ord

I ein av talane spurte Nordli korleis vi brukar Guds ord. Brukar vi Guds ord som eit kjøleskap der vi hentar einskilde gode ord når vi treng det. Eller som eit medisinskap når vi treng omsorg og trøst når vi har det vanskeleg. Ved ein slik bruk av Guds ord blir vi som ein katt som berre er lydig mot sin herre når han sjølv har nytte av det. (Katten kjem når den blir ropt på dersom den har lyst på kos eller er sulten.)

Ein godt oppdratt hund derimot er lydig mot sin herre fordi eigaren ber han om noko, ikkje fordi han vil oppnå personlege fordelar.

Som kristne skal vi likna på hunden. Vi må be om å få eiga noko av Guds hjarta og ha Guds visjon i oss og sjå at Gud er større enn mine behov. Gud og Guds vilje må vera sentrum for våre liv og handlingar.

Gud er for alle

Gud vil at alle skal bli frelst. Menneske, som ikkje er kristne, som Gud sender i vår veg, i nabolag, arbeid, skule. Vi må ikkje sjå på dei som problem, men som moglegheiter for å nå nye med evangeliet. Her nemnte Andreas Nordli spesielt menneske frå andre land, religionar og kulturar som nå kjem til våre bygder og byar. Her gjev Gud oss ein stor moglegheit til å nå menneske frå mange religionar og kulturar evangeliet om Jesus!

Neste år Ognatun

Opplegg og form endrar seg i indremisjonsarbeidet. Men ein merkar på ei slik samling at innhaldet er det same. Jesus er sentrum, evangeliet om Jesus er så gode nyheiter at det ynskjer ein å dela med flest mogleg. Neste år blir det Saman-helg med årsmøte på Ognatun 17.-19. april. Sett av helga, kom saman på Ognatun med misjonsinteresserte menneske, vær med og påverka arbeidet framover, og få nytt mot ved å vera saman med andre ei slik helg!

Bibeltime på «Sammenhelg» av Andreas Nordli

Kortreist misjon

Han innleia Bibeltimen med å minna om at vi som misjonsfolk må vera saman med dei unge, læra dei og kjenna, få kjennskap til deira kultur og uttrykksform. Først når vi opparbeidar gode relasjonar til dei unge kan vi vegleia dei utan at det blir oppfatta som kritikk.

Ringar i vatn

Misjon er som ringar i vatn sa han og tok utgangspunkt i Ap.gj. 1.8. Men de skal få kraft når Den Heilage Ande kjem over dykk. Og de skal vera mine vitne både i Jerusalem og heile Judea og Samaria og alt til endane av jorda.

Jerusalem

Først peika han på nokre misforståingar han ofte hørde i møte med denne teksten. Jerusalem kan bli framstilt som staden der ein skal begynna for å bringa evangeliet ut- over. Nordli understreka at alle geografiske stader er like viktige. Han kunne heller ikkje sjå at Jerusalem var eit uttrykk for heimstaden vår.

-Jerusalem var eit nyheitssentrum der viktige meldingar vart sendt ut frå, Jerusalem var eit sentrum der mange kom for å feira dei jødiske høgtidene. Jesus ville at evangeliet skulle forkynnast der folket samlast og bodskapen vart spreidd ut til flest mogleg, for Jesus vil at alle skal bli frelst. Tenk på alle som hørde evangeliet forkynt i Jerusalem på pinsedag og kunne ta dette med tilbake til heimstaden sin, understreka Andreas.

«Prestar og hyrdar for vår gate»

Vidare formidla han sterkt at vi skulle la Jerusalem vera eit bilde på der vi var nå, på skulen, på arbeid, i nabolaget. Der skulle vi begynna og vera vitne om Jesus! Han oppfordra kvar einskild til å vera «prester og hyrdar for vår gate»



Andreas Nordli.

Kortreist misjon er å vera vitne der ein er. -Vårt nærvær er ikkje nok for å formidla evangeliet, vi må også bruka ord. Det vi formidlar med ord er like viktig som det vi er med våre handlingar, understreka Andreas. At Misjonsbefalinga er knytt opp til Jesu atterkome var og eit viktig punkt i Bibeltimen. Andreas Nordli viste til Bibelen som talar om at Guds rike skal forkynnast for alle folkeslag før Jesus kjem igjen. «Og medan dykk framskyndar Jesu atterkome.» Ved å driva misjon framskyndar vi Jesu atterkome

TAKKE FOR:

- Saman-helga på Nærbo
- Deltakarar og leiarar på sommarleirane
- Pit Stop
- Song og musikkhelga på furutangen
- Alle som arbeider på dugnad for misjonen.

BE FOR:

- Familiearbeidar Anne Birgitte Auestad
- Jubileumsmarkeringa for Ognatun
- Lyngdal Bibelcamp og Bygland Bibel-og naturcamp
- Nytt krinsstyre, Ognatunstyre og ImF-ung team.
- Bibelskolen Bildøy.



Pål Hatteland AS
Entreprenør

Mob 99278710

Astor Industri
Eiendom AS

På Guds dreieskive

Profeten Jeremia fikk beskjed av Gud om å gå på bedriftsbesøk og få med seg en nyttig bibeltid. I pottemakerens verksted fikk han vite at Gud stadig vil forme og prege sine tjenere. Vi i ImF Rogaland startet den 14. mai en lederworkshop der vi ønsker at vi sammen kan møtes og dele Guds Ord, få undervisning, samtale om liv & tjeneste og be for hverandre. 25 personer fra ulike steder og med forskjellig oppgaver i nærområder og forsamlinger møtte fram første kvelden da temaet for undervisningen var: «Gud er personlig»!

Et team fra Bedehuskirken ledet lovsangen i starten på kvelden. I en hverdag der vi ofte glemmer at Gud er nær og følger oss hvert steg, kan det å synge om Guds storhet, hans frelse og tilbe Jesus gi oss hjelp til å rette vårt blikk mot ham! Thomas Rake hadde en kort innledning om temaet før vi tok oss tid til et deilig måltid mat. Mens vi spiste kylling, pasta, salat og godt brød, fikk vi tid til å bli bedre kjent med hverandre.

Gud er personlig, han vil alltid holde oss i sin hånd, han vil ikke slippe noen av oss. Vi har lett for å tenke at vi i store deler av dagene utenom søndagen må klare oss selv, at Gud lar oss seile vår egen sjø. Det er ikke rett! Gud følger oss og ber om oppmerksomhet til alle tider. Han vil lede oss hvert steg! Thomas Rake brukte to begrep om hvordan Gud taler til oss og vil lede og forme oss. Begrepene var «invitere» og «utfordre». Foreldre bruker gjerne samme taktikk når de oppdrar sine barn. Thomas brukte flere bibelske eksempler på hvordan Jesus samlet og deretter sendte / utfordra disiplene sine.

Gjennom alt det vi ble undervist om denne kvelden, lå det en bønn og et ønske som vi tar med oss videre. Vi vil så gjerne høre din hyrderøst og ledelse hver eneste dag og i de forskjelligste gjøremål og situasjoner vi opplever. Den sterkeste oppfordringen er å ta til seg av Guds Ord. Vi må likevel også lytte etter om vi tror Jesus gir oss påminnelser midt i



På Guds dreieskive, Thomas Rake underviser.

hverdagen knytta til mennesker og situasjoner vi møter.

Gjennom hele undervisningen var det flere som tok ordet enten med spørsmål eller kommentarer, mens flere ganger ble vi også utfordra til å snakke om ulike spørsmål i små grupper. Dette ble en fin start på en serie med ledersamlinger der vi 25 skal være sammen og be Gud forme oss mer og mer. Det gjenstår to samlinger til høsten og to samlinger våren 2015 i opplegget vi kaller «På Guds dreieskive»

TL.

Brenn for familiearbeid

-Det er viktig at vi som familie kan vera saman på kristne møter og samlingar. Og det er viktig at vi foreldre er bevisste på kor viktig det er å formidla den kristne trua til barna i heimen. Dette seier Anne Birgitte Auestad (35) frå Vigrestad som begynner som familiearbeidar i 50 % stilling i ImF-Rogaland 12. aug. Ho er sjølv mor til fire, og ho kjenner godt til utfordringane i heimen når det gjeld tru på heimebane. Anne Birgitte seier ho ser fram til å arbeida med dette, og inspirera og bevisstgjera barnefamiljar til formidling av kristen tru.

-Det er lett å mista motet når ein syns ein ikkje får dette til. Som foreldre er vi sårbar, og har lett for å ankla oss sjølve og tru at det vi gjer er galt. Det verkar også som vår sjelefiende set mykje inn på øydeleggja heimen som arena for trusformidling, seier familiearbeidaren, som meiner at ImF-Rogaland si satsing på familiearbeid er rett og viktig. Som familiearbeidar vil Anne Birgitte få ansvaret for leirane «På leir med mor/far»

og familieleiren. Ho vil i arbeidet lytta til kva behov her er lokalt, og vil vera veldig glad for alle som tek kontakt og kjem med innspel. Nå ser ho for seg at det kan bli aktuelt med foreldrekurs og etablering av familiehuskyrkjer. Anne Birgitte arbeidar i dag i 60% stilling i barnehage. Ho er med og driv barnekoret på Vigrestad, og er elles aktiv i arbeidet på Misjonshuset. Ognatun og ImF-Rogaland kjenner ho godt frå før. Hennes første lønning var som arbeidar på sommar-hotellet på Ognatun. Ho kjennar leirlivet både som leiar og deltakar. Og ho har erfaring frå tida som medlem i Barne- og ungdomsrådet til ImF-Rogaland.

Denne våren har Anne Birgitte vore innom nokre dagar på krinskontoret som vikar, og ho seier ho har fått eit godt fyrsteinntrykk -Her er mykje nytt å setja seg inn i, men eg får energi av det, det kjennes greitt, og eg opplever at eg er på rett plass.

TS.



Anne Birgitte Auestad

ASONDRE ARSLAND
TLF. 930 25 968
MASKIN AS
GRAVE-BETONG ENTREPRENØR

reime&lode
Nærbø. Tlf. 51 79 10 10
www.reimeoglode.no

TIME SPAREBANK
- for Jæren
Tlf.: 51 77 91 00 - www.time-sparebank.no

ELGSAFARI OG GRAVEMASKINMORO PÅ ÅRETS BIBEL- OG NATURCAMP PÅ KVS BYGLAND!



Klar for avgang med DS Bjoren



Svein Kleivane setter oss inn i Byglands historie og omgivelser

Årets bibel- og naturcamp på KVS Bygland går av stabelen 29.juni til 6.juli 2014.

● Tekst og foto: Olav Nilsen

Camp'en blir mer og mer populær, og oppslutningen i fjor var veldig bra - spesielt mot slutten av uka da godværet også meldte seg for fullt.

Derfor gjentar vi fjorårets suksess med båttur på Byglandsfjorden med DS Bjoren (se www.bjoren.no) lørdag ettermiddag 5.juli, påfulgt av konsert i Bygland med Nordens beste munnspliller Charlie Blackwater, og avslutning med grillkveld på KVS Bygland. Avslutnings søndagen blir det familiegudstjeneste med sokneprest Eiliv Lønningen og felles middag for alle.

Men før det har vi gjennomført ei uke med mye spennende program.

Også i år kommer Johannes Kleppa og har bibeltimene, og tirsdag 1.juli blir det

kulturkveld der han kåserer om "Bodehuset - Misjonshus og Kulturhus". Oddlaug Kleppa og Edvard Foss tar seg av barnemøtene.

På de vanlige kveldsmøtene er det Edvard Foss og Tommy Greibesland som taler.

Og det er Tommy som har foreslått at vi i år utvider programmet med elgsafari og gravemaskinmorro.

Hva dette innebærer i praksis må du sjøl komme og oppleve!

Ellers blir det daglige utflukter i nærområdet - turer innover austheia til noen av skolens flotte hytter, med fisking og fiskekonkurranse, badeliv når været tillater det, gokart og klatreskog for de som ønsker det, volleyballkamper og aktiviteter på skolens store gressplen, og anledning for avslapning i rolige omgivelser for de som heller vil holde seg i ro på skolens koselige uteområde.

Overnattingsmulighetene er de aller beste, med 3 flotte internatbygg, og gode muligheter for plassering av campingbiler og campingvogner for de som foretrekker det.

Skolens helt nye kjøkken serverer utmerket frokost, lunch og middag, så matlaging

trenger ingen å tenke på denne uka!

Mange besteforeldre har valgt å ta med sine barnebarn på camp'en, og den ivrigste familien har med seg 8-9 barnebarn hver eneste sommer.

Det skulle tale sitt tydelige språk om høy trivselsfaktor når så mange foreldre, besteforeldre, barn og unge kommer tilbake år etter år.

Du som vil ha tilsendt brosjyrer og plakater for camp'en kan henvende deg til Olav Nilsen på telefon 982 99711, eller mail: kbnilsen@hotmail.com

Se også våre hjemmesider www.bibelog-naturcamp.no og vår egen Facebookside Bygland Bibel- og naturcamp.

Samme telefon og/eller mail bruker du for påmelding!

Så her det det bare å sette av uka 29.juni til 6.juli 2014, og reservere plass med en eneste gang!

Velkommen til nok en flott sommer med Bibel- og Naturcamp på KVS Bygland!



Mulbadaw Farm på 56 000 dekar i Hanangdistriktet i Tanzania

Matslørings- og vannforsyningsprosjekt drevet med økonomisk støtte og kunnskap fra misjonssvenner i Norge gjennom SHV.

(Bibelske Hjelpevenner)

Se mer på www.mulbadaw.com

Vigdel Engineering AS
Telefon 46 41 18 19
Egil@vigdelengineering.no



Ein trygg veg gjennom livet!

Det er tydeleg at engasjementet for Ognatun framleis er sterkt hjå Guttorm Nygård (83) i Sirevåg. Han var formann for byggekomiteen for Ognatun frå 1960-1964, og formann i styret frå Ognatun frå 1964-1978.

● Av Terje Slettebø

Bak engasjementet for Ognatun ligg det eit klart ynskje hjå Guttorm Nygård at ImF-Rogaland (tidlegare Rogaland Indremisjon) skulle ha ein leirstad der dei unge kunne koma saman og ha det kjekt i lag. Og at der skulle vera ein lys, enkelt forkynning om Jesus slik at det skulle vera mogleg for alle å finna Jesus og få ein trygg veg gjennom livet.

Mot og tru

Når vi set i stova hjå Else og Guttorm Nygård og snakkar om starten for Ognatun, er det imponerande kor godt Guttorm huskar frå tida rundt planlegging og igangsetting av bygginga av Ognatun. Det slår ein kor takknemlege vi må vera for at der var nokon som for 50 år sidan hadde mot til å setja i gang, og tru på at dette kunne ein få til.

Ognaområdet

Guttorm var også med i krinsstyret på denne tida og han huska at dei fekk eit brev frå barne- og ungdomsneimnda med spørsmål om bygging av leirstad. Krinsstyret var positive, og sette i gang eit sonderingsarbeid for å finna ein høveleg stad. Ognaområdet utpeika seg ettersom det låg sentralt midt i krinsen. Og når Wilhelm og Huldeborg Stokkeland gav tomt der Ognatun er i dag, la alt seg vel til rette.

Ognatun

Då var område berre ei stor lynghei, men dei såg at her kunne det veksa fram ein fin leirstad. Under skylddelinga av tomta vart det spurt etter namn på eignedommen. Guttorm meinte namnet burde heita noko med Ogna, ein annan som var med såg for seg at her vart det eit fint tun, dermed Ognatun, og slik vart det.

Mykje papirarbeid

Guttorm Nygård, som var leiar for byggekomiteen, huska at det var veldig mange søknader og papir som måtte ordnast før bygginga kunne starta, og dette tok det fleire år å få på plass. Ein satsa på eit bygg for det var billigast, og så var ein så heldig at turnhallen på Sandnes skulle rivast, den vart riven på dugnad og



Guttorm Nygård gleder seg over utviklinga på Ognatun.

Ognatun fekk då all materialen gratis. Engasjementet for Ognatun var varierende rundt om i bygdene, men Guttorm huskar at Helleland, Egersund, Nærbø og Sandnes var flinke å stilla med dugnadsfolk i denne første fasen.

Innvia

Kalkylen for bygget i 1964 var på 250 000 og byggeleiaren meiner å huska at dei fekk opp bygget for denne prisen. Økonomien var ei utfordring og ein bruka ikkje meir pengar enn det ein fekk samla inn. Den 27. juni 1964 vart Ognatun innvia. Guttorm Nygård huska at dette var ein fantastisk festdag der ein gleda seg over at bygget var på plass, men aller mest over eit tenleg reisepeng der barn og unge skulle få høyra om Jesus og vegen til himmelen. Guttorm finn fram ein vase i tinn, som han fekk på innviinga, som takk for innsatsen i byggeperioden.

Kommunestyret på Ognatun

For Guttorm Nygård var det naturelg å engasjera seg vidare i arbeidet på Ognatun. Han ynskja vera med og ta ansvar for at anlegget fungerte og at alle ting kom inn i gode og sikre former. Dette midt i ein travel kvardag som bedriftsleiar, menighetsrådet, kommunestyre 16 år, formannskapet 8 år, varaordførar i 4 år. Eit godt minne for Guttorm er at han som varaordførar fekk leia eit møte i kommunestyret som var lagt til Ognatun.

Leir

Nå gleder han seg over utviklinga som har vore på Ognatun. Nye og tenelege bygningar, og nye unge menneske som tek ansvar for leirstaden. Men vi merkar at det viktigaste er spørsmåla etter leirane. Kjem dei unge på leir? Får vi framleis nå dei unge med evangeliet om Jesus gjennom leirarbeidet. Det er tydeleg at det er dette hjarta til Else og Guttorm Nygård bankar ekstra sterkt for.



Vart ein kristen på leir!

Reidun Mattingsdal Alvsåker (65) vart ein kristen på leir på Ognatun for 49 år sidan.

Ho fortel til Siste Indre at ho vart på leir på Ognatun Påsken 1965 og når det nærma seg sommarleirane viste ho at nå måtte ho reisa tilbake på ein ny leir for å bli frelst. Som 17 åring kom ho på leiren, noko vart løyst inni henne, og etter denne leiren har ho fått vore ein kristen.

Etter dette var ho med som leiar på mange leirar. I 1970 reiste ho på Krigsskolen til Frelsesarméen, og etter det har ho fått hatt sin aktive teneste i Frelsesarméen.

-Eg er svært takksam for tida på Ognatun og ser tilbake på mange flotte opplevingar saman med både leiarar og mange barn og familiar. På det tidspunktet vart eg bevisst på et kall til teneste særlig blant barn og unge. Dette ga grunnlag for min teneste som frelsesoffiser i snart 33 år på korps i Kristiansund, Sandnes, Kristiansand, Gol/Fagernes, 3 studieår, styrar på Frelsesarmeens barnehage i Oslo i 13 år og dei siste 12 åra i Egersund. Alt starta på Ognatun, seier Reidun.

INSPIRASJONSKVELDER



OGNATUN

Tirsdag 26. aug kl. 19.00

Johan Halsne underviser

Mat – Sang – Nattverd – Samtale – Bønn – Kollekt

Torsdag 28. aug kl. 19.00

Aud Karin Kjølvik Ringvoll underviser

Mat – Sang – Nattverd – Samtale – Bønn – Kollekt



ImF Rogaland Vi er gode nyheter

Ognatun 50 år

Jubileumsmarkering søndag 29. juni kl. 18.00

Prolog
 Tale og song av Marit og Irene
 Barneopplegg
 Historisk tilbakeblikk
 God mat, jubileumsoffer
ALLE ER VELKOMNE!

LYNGDAL BIBELCAMP

Sommeren 2014

Du møter blant annet:

30.06-06.07:

Per Gunnstein Nes, Marit og Irene, Justified
Leder Kidz Camp/Ungdomscampen: Bjarte Vesetvik/Ivar André Solbakk

07.-13.07:

Roald Evensen, Audun Hjellevik, Espen Ottosen, Arne Pareli m/band, Team Sulebakk
Leder Kidz Camp/Ungdomscampen: Bjarte Vesetvik/Solveig Hosøy

14.-20.07:

Johan Halsne, Erik Furnes, Mette og Roger, Svein Helleik Kringeland m/band, Jarle Waldemar
Leder Kidz Camp/Ungdomscampen: Maria Elstad/Solveig Hosøy

21.-27.07:

Gunnar Ferstad, Per Åge Berge, Lars Erik Birkeland m/band, 3/17
Leder Kidz Camp/Ungdomscampen: Eli-Anne Svendsen/Sindre KvalheimEget program hver uke på
Kidz Camp og UngdomscampenMer informasjon på
www.bibeltampen.no
e post: au.heggen@imf.no tlf: 5634240

Marknadsdag på Ognatun

Onsdag 18. juni kl. 17.00

Marknad med sal av blomster og grønnsaker.
Auksjon
 Salg av gryterett og lapper.
 Vel møtt til en trivelig ettermiddag på Ognatun.
 NB! Har du gjenstander som kan være aktuelle og verdifulle
 for auksjonen, ta kontakt med Ognatun. (Tlf. 51 79 38 88)

imfrogaland.no

KONSERT



Reggie & Ladye Love Smith

OGNATUN
TIRS. 5. AUG.
KL 19.00

HALSNØY
ONS. 6. AUG.
KL 19.00



Viktige datoar på Ognatun

Hausten 2014.

Ognatunbasaren torsdag 25. sept.
kl 19.00

Onsdagskafe, 8. okt og 19. nov.
kl 11.00-14.00

Ettermiddagskafe 28 okt. kl. 16.-19.

LEIRER PÅ OGNATUN VÅREN 2014

På leir med far



Nå er det snart tid for leir sammen med far igjen. Det er en fantastisk helg. Det er "minste førre" å lage leir for denne gruppen. Far og barn er alltid så fornøyde!

I år er det vår nye Barne- og familiearbeider Anne Birgitte Auestad som skal ha ansvar for leiren. Hun vil få med seg mange gode medarbeidere, og vi satser på knallkjempe dager. Så bare gled dere!

Leiren skal være 6.-7.sept. 2014.

Påmeldingsfrist 18.aug. Det er lurt å melde seg på allerede nå!



Tenleir

26.-28. september 2014 blir det ny tenleir!

Håper DU er klar for en helg med mye kjekt på panelet. Det blir opplegg fra morgen til langt på kveld:

- Bibeltimer v/Solveig Hosøy
- Kule aktiviteter
- Sosialt
- Venner

Meld deg på i dag.

Påmeldingsfrist er 25.august.

Høsten 2015 blir det Storsamlinger

-Søndag 21. september kl 11.00 på Klepp Stasjon Bedehus. Torgeir Lauvås taler.

-Søndag 16. november kl 11.00 på Ognatun. Per Gunnstein Nes taler. Salg av middag.

STOR Samlinger



Tlf.: 464 22 022

Erna Holen Gartneri

Ree - 4340 Bryne



Tlf.: 51 48 23 26
Fax.: 51 48 75 96
Mob.: 924 95 481

- Blomster for enhver anledning -
Brudebuketter • Buketter • Dekorasjoner • Kranser

VIGRESTAD BYGG



WWW.VIGRESTADBYGG.NO



Tlf: 958 19 505

Malar kyrkje til inntekt for Ognatun



Varhaug kyrkje og her er det høgt opp.



Malardugnad.



Tormod Aasli.



Magne Braut.



Geir Magne Hauge.



Per Åge Skretting på veg opp i liften.

● Av Terje Slettebø

Den som reiste forbi Varhaug kyrkje i mai kunne ikkje unngå å merka seg der var stor aktivitet med vask og maling av kyrkja. Arbeidet vart utført av ein flott dugnadsjeng som utførte arbeidet gratis, medan timelønna for arbeidet går til Ognatun. Slik er dei med og samlar inn eit betydeleg beløp til Ognatun. Den dagen vi frå Siste Indre køyrer forbi er det Geir Magne Hauge, Per Åge Skretting, Magne Braut og Tormod Aasli som står i stiger og lift og malar både høgt og lavt.

Primos motor for dugnadsarbeidet for Ognatun, Geir Magne Hauge frå Bore seier at denne malarjobben nok er det største dugnadsprosjektet dei har hatt for Ognatun. Han gleder seg over at det blir eit godt positivt tilskot til matbygget på Ognatun. Vidare be rømmer han Per Åge Skretting på Varhaug som

har stått på og ordna det slik at dette malar prosjektet kunne bli eit «Ognatunprosjekt». Det høyrer og med her at tidlegare i vinter har ein på same måte tatt ut alle benkene i kyrkja og malt dei.

Magne Braut er ein av dei som har vore med på flest malarprosjekt for Ognatun.

- eg liker å arbeida og når eg også har syn for Ognatun blir dette ein vinn, vinn situasjon, seier han og legg til at det er triveleg når dei er fleire i lag på eit prosjekt og har godt sosialt fellesskap.

Mange mindre prosjekt er også blitt utført som dugnadsprosjekt for Ognatun dei siste åra. Det er maling av hus, felling av trær, klyppa hekk, værreingjering av hus og mindre byggeprosjekt for å nemna noko. Geir Magne Hauge seier hans syns dette er ein fin, praktisk måte folk kan støtta Ognatun og misjonen på.

Grude Gartneri
Brekkeveien 18
4353 Klepp Stasjon

Elektrofag Jæren
En god kontakt på Jæren

Le Service A S
Leplanting
Hageanlegg
Kompoststrø
4362 Vigrestad
Tlf: 51 43 75 89 - Fax 51 43 66 53
Mobil: Erik: 982 46 915 - Einar: 982 46 916

Barnas årsmøte

Vi var først samla heile gjengen (ca 30 barn og ca 10 voksne) oppe på loftet på Nærbø bedehus til lek og sang og en spennende andakt av Hilde Hetland, ho hadde med seg , en stor fisk. De barna som ikke hadde begynt på skolen enda, var på bedehuset og i en barnehage. Der lekte de og koste seg.

De store barna var på Jærmuseet. Der grilla vi pølser, og bananer med sjokolade i til lunsj. Personalet på Jærmuseet hadde laga til kjempebra opplegg for oss, med hest og kjerre kjøring, hopping i høyet og besøk hos de ulike dyra. Vi laga også papir raketter som vi skaut opp med kompressor i hagen. Var veldig spennende å se hvor langt de fløy, eller om de landa på taket eller sette seg fast i trærne... Det ble noen klatreturer i trea!! En fantastisk dag i fantastisk vær.

ABA



Maten smaker best ute!



Skal eg hoppe?



Tulliball var med på familieshow.



Hesteskys



Slipesteinen må prøvast.



Hopp i høyet!